

Til Kulturdepartementet

Svar på høyring om endring av Lov om stadnamn.

Svar frå Sandefjord og Sandar Mållag.

Sandefjord og Sandar Mållag ser med stor uro på framlegget til endring av Lov om stadnamn. Dei norske stadnamna er ein viktig del av den norske kulturarven. Det er viktig at denne kulturarven vert teken vare på og ført vidare til seinare generasjonar i ei språkform som er i samsvar med tradisjonell uttale, språkhistorisk endring av det opphavelig gamle norske stadnamnet og **norsk** rettskrivingsmåte. Unorske skrivemåtar og endringar av stadnamn som vart innførde i dansketida og unionstida med Sverige, må dei som ynskjer det, ha som familienamn, men slike skrivemåtar bør det ikkje vera høve til å nytte som stadnamn.

Grunneigarane eig gardar og bruk, men stadnamn er ein del av den norske kulturarven. Lovverket bør tryggje at kulturarven i norske stadnamn vert teken vare på.

Framlegget til endring i Lov om stadnamn gjer ikkje det.

Sandefjord og Sandar Mållag vil difor på det sterkaste råd frå at Lov om stadnamn vert endra.

Med helsing

Sandefjord og Sandar Mållag

ved Hæge Roholdt Brunvatne

leiar i Sandefjord og Sandar Mållag